



## Veke 20, 18. mai 2022

President Tor innleidde møtet på Skjærgården Hotell med å fortelje om saker som har hendt 18. mai – sjå den **grøne** ruta til høgre – og om støttekonserten som rotaryklubbane i Vestfold arrangerte i Oseberg konserthus i Tønsberg 12. mai for Ukraina. Fleire kjende artistar opptredde gratis – mellom anna Lise Davidsen, Lars Bremnes og Lars Martin Myhre – med Ellen Horn som konferansier. Espen kunne fortelje oss meir om konserten – sjå den **blå** ruta.

Fem interesserte hadde meldt seg til distriktskonferansen i Tvedestrand i september, i denne rekkjefølgja: Kjersti, Eva, Rolf T., Edrund (dersom ikkje distriktet dekkjer hennar deltaking) og Rolf H. Klubben dekkjer deltaking for fire personar. Kven dette blir, skulle avgjerast på styremøtet etter medlemsmøtet. Kvar enkelt må melde seg på sjølv, innan fristen 1. juni.

Neste møte er på Sjøterrassen, like ved Fjordglimt i Trosbyfjorden, fortalde presidenten, som la til: «Her har det vært mye aktivitet og nybygging siste året, og det blir en orientering om planene for stedet før kvelden avsluttes med et lett måltid. Basert på erfaringene fra Bjorstaddalen foreslår jeg at dere melder fra til meg om hvem som kommer, men at transport ordnes medlemmene imellom.»

Så kom hovudpunktet på programmet denne kvelden – det innholdsrike seniorforedraget til Yngvar. Etter å ha servert ei velsmakande kake som han hadde bakt sjølv, fortalde han korleis han kom med i rotary. Han var med på å starte

### Kva har skjedd 18. mai gjennom historia?

**1804** i Frankrike ble Napoleon Bonaparte utnevnt som keiser.

**1944** ble Registreringskontoret for arbeidsinnsats i Oslo sprengt av motstandsfolk etter at nazistene truet med å skrive ut hele årsklasser til tvangsarbeid.

**1974** i India foretok landet sin første kjernefysiske sprengning.

**1994** i Oslo møttes PLO-leder Yasir Arafat og Israels utenriksminister Shimon Peres for å undertegne Osloavtalen – en avtale som det dessverre ikke gikk særlig bra med videre.

### Fødselsdag

Kjersti hadde bursdag 18. mai.

### Støttekonserten for Ukraina

Ca 14 dager før konserten ble det bestemt at man skulle holde en konsert til inntekt for Ukraina.

Fleire klubber i distriktet har kontakt med rotaryklubben i Lviv og hadde allerede for konserten sendt av gårde 3 trailere med medisinsk utstyr til Ukraina, som Lviv-klubben sørget for å distribuere videre. Denne gangen var det stor mangel på medisiner, spesielt insulin og adrenalin.

Klubbene i Vestfold bestemte seg for å samarbeide om å lage en konsert for å skaffe penger til kjøp av medisiner. Stokke Rotaryklubb hadde god kontakt med operastjernen Lise Davidsen, som klubben hadde gitt et studie-stipend for mange år siden. Hun sa ja med en gang, så i løpet av 14 dager klarte klubbene å samle en rekke både nasjonalt og lokalt kjente musikere som alle ville opptre gratis.

Oseberg kulturhus i Tønsberg ble booket, og et stort arbeid med å reklamere for arrangementet ble satt i gang. Alle de 1000 plassene i kulturhuset ble solgt til kr 400 for hver. I tillegg fikk de 150 000,- i sponsormidler fra bedrifter. Altså ble det samlet inn ca 550 000 kr. Dette viser at når rotaryanere går sammen og vil noe viktig, så kan vi få til det utrolige.

Langesund Rotaryklubb, som blei chartra med stort fest på Korvetten i Brevik 21. mars 1991, med Brevik Rotaryklubb som fadderklubb.

Yngvar er fødd 12. juni 1952 i Drangedal, der han hadde ein god oppvekst, som yngstemann i ein syskenflokk på fem, med heimeverande mor og far som var heradsagronom med heimekontor. Etter ungdomsskolen i Drangedal, gjekk han eit år på Grenland Folkehøgskole i Eidanger. Så følgde økonomisk gymnas i Bø, økonomi- og administrasjonsstudium ved Distriktshøgskolen i Bø, og seinare 1.–3. avdeling juridicum ved Universitetet i Oslo, som deltidsstudent attåt arbeidet. Mens han gjekk på skolen, hadde han interessante sommar-jobbar – flisgut for Norges geografiske oppmåling, med turar til alle toppar i heimbygda, gardsgut i Drangedal og to sommarferiar på Magnesium-fabrikkane på Herøya.



I juni 1973 blei Yngvar innkalt til førstegangsteneste i militæret. Han tenestegjorde i Garden i 9 månader, som administrasjonsassistent. Han kunne vise oss ein børste han hadde brukt til å pusse skoa til sjølvaste kong Olav – sjå biletet til venstre.

Yngvar har hatt ein spennande og variert yrkeskarriere, som revisjonsassistent hos dei statsautoriserte revisorane Holm og Christensen i Arendal, revisormedarbeidar hos registrert revisor Tor Tinglum i Skien, diverse jobbar i Bamble og Langesund Sparebank 1981–1999, nærings sjef og økonomisjef i Drangedal kommune 1999–2017, utlånt i 7 månader som dagleg leiar i Drangedal Everk KF.

Vi fekk òg høyre om kvinna i Yngvars liv – Berith, som han møtte i London i 1983. Så følgde eit dramatisk avsnitt om sjukdom. Sidan 2015 har han blitt operert for endetarmskreft og kreftsvulst på levra. Heldigvis har alt gått bra, og hausten 2021 blei han erklært heilt fri for kreft. «Vi har et fantastisk helsevesen i Norge.»

Sidan juni 1917 har Yngvar vore pensjonist. Han har ingen problem med å fylle dagane, med snikkarjobbar på somrane og hobbyrom heime i kjellaren. Han har stor interesse for bærplukking og ski – og har gått Birkebeinarrennet fem gonger. På toppen av det heile er han sjølvutnemnd hagearbeidar på fellesområda i Svarttrostveien.

Takk til Yngvar for eit interessant foredrag!

Rolf Theil, Langesund, 20. mai 2022.